

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2021

---

### Fullmakt til å lyse ut midlar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)

#### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut ekstraløyvinga til BIO vedteke av Stortinget 23.02.21.
2. Fylkesutvalet vedtek at stønadsgrensa for BIO skal aukast frå 800 000 kroner til 2 millionar kroner.
3. Fylkesutvalet vedtek at retningslinene skal opne for at midlane skal kunne nyttast til å ta fagbrev på jobb.
4. Fylkesutvalet vedtek at BIO-midlane for interne opplæringstiltak kan meldast inn i GBER.
5. Fylkesutvalet gir Fylkesrådmannen fullmakt til å revidere retningslinene for forvalting av midlar til bedriftsintern opplæring i dialog med partane i arbeidslivet.

#### Samandrag

Frå 2020 blei ansvaret for arbeidsmarknadsstiltaket bedriftsintern opplæring (BIO) overført til fylkeskommunane. Fylkesutvalet har vedtaksmynge for ekstraordinære midlar til bedriftsintern opplæring. Stortinget har vedteke å auke ramma til BIO-midlar med 200 millionar som skal fordelast på fylka. Fordelinga blir offentleggjort 06.04.21. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å lyse ut dei ekstraordinære midlane. Midlane skal gå til bedrifter som er ramma av pandemien. I vurderinga av søknader vil fylkesrådmannen legge stor vekt på om tiltaket bidreg til å unngå permitteringar og få permiterte tilbake i arbeid. Fylkesrådmannen tilrår at midlane også skal kunne nyttast til å ta fagbrev på jobb. Midlane vil bli lyst ut i to rundar med fast søknadsfrist.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Fylkesutvalet har etter vedtak i Fylkesutvalet 26.03.20 vedtaksmynne i saker om ekstraordinære midlar til koronarelaterte tiltak (PS 42/2020).

Vedtakspunkt 4: *Fylkesrådmannen gjennomfører tiltaka. Ansvar for arbeidet vidare ligg hjå fylkesutvalet. Fylkesordførar og fylkesrådmann held fylkesutvalet løpende orientert, og kallar om nødvendig raskt inn til nytt møte. Fylkesutvalet står trepartssamarbeidet mellom fylkesordførar, NHO, LO og Nav. Fylkeskommunen tek også ei koordinerande rolle både overfor kommunane og andre. Det er elles føresett at fylkeskommunen spelar ei aktiv rolle saman med IN, KS og alle samarbeidspartar, som kan bidra til å handtera krisa framover.*

### Vedtak om forvalting av ekstraordinære midlar til bedriftsintern opplæring i 2020

Forvalting av ekstraordinære midlar til bedriftsintern opplæring (BIO) blei lagt fram for fylkesutvalet i to saker i 2020.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak 26.03.2020 (PS 58/2020):

1. *For å imøtekome dei akutte behova i næringslivet, får fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut 11,4 millionar kroner til bedriftsintern opplæring. Dette er ekstra midlar tilført Vestland fylke for å finansiere tiltak til bedrifter med låg aktivitet som følgje av Covid-19 viruset og oljeprisfallet.*
2. *Midlane kan ikkje nyttast til ordinær opplæring av dei tilsette, men skal nyttast til opplæringstiltak i samband med omstillingsprosessar eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon.*
3. *Handsaming av søkeradene skal følgje retningslinene som ligg i saka.*
4. *Ramma for ein permanent modell for forvalting av BIO-midlane i Vestland vert seinare lagt fram for fylkesutvalet basert på innspel frå næringslivet og erfaringane frå den første utlysingsrunden.*
5. *Vestland Fylkeskommune skal søke å benyttes seg av dei regionale virkemiddelapparatene for å sikre best mulig tilpasning og effekt lokalt.*

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak 28.05.2020 (PS 88/2020):

*1. Ekstraordinære midlar til kompetansehevingstiltak skal nyttast til å styrke følgjande område:*

- Bedriftsintern opplæring: 12 838 500 kroner
- Karriererettleiing via Karriere Vestland: 2 000 000 kroner
- Fagopplæring og fagskule: 14 838 500 kroner

*2. I utlysing av ekstramidlar til bedriftsintern opplæring skal stønadsgrensa aukast for større bedrifter samanlikna med noverande ordning.*

*3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å revidere retningslinene for forvalting av midlar til bedriftsintern opplæring i dialog med partane i arbeidslivet. Innhaldet i saka skal leggjast til grunn for ein slik revisjon.*

### Resultat frå 2020

I 2020 fekk ordninga søkerader for 42 millionar kroner fordelt på 220 søkerader. Det blei innvilga 24,4 millionar kroner fordelt på 140 søkerader. *Industri* er den næringa som fekk mest støtte (7 millionar kroner). *Overnattings- og serveringsverksemder* og *Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar* fekk til saman 1,8 millionar kroner i støtte. Reiselivet ser ut til å vere den bransjen som har vore mest krevjande å mobilisere. Digitalisering var det mest populære temaet for opplæring i søkeradene som blei innvilga. For full økonomisk rapport, sjå rapporten på [nettsidene til BIO](#).

Midlane blei lyst ut med følgjande hovudkrav:

- At bedriften er råka av krisa.
- At opplæringstiltaka skal vera knytt til planar for framtidig vekst eller tilpassing til nye marknadssituasjoner.
- At grunngjeving for behovet for kompetanseheving i bedriften er godt formulert.
- At gjennomføring av opplæringstiltaket har ein tidsplan på under 26 veker.
- At kostnaden per deltakar i opplæringa ikkje er over 30 000 kr. Unnatak må grunngjevast særskild.

Tilleggsverdering:

- Geografisk fordeling av midlane.

- Bransjemessig fordeling av midlane. Hardast råka bransjer kjem til å bli prioritert.
- Effekt av tiltaket på sysselsetting og/eller omstilling av samfunnet (t.d. grøn vekst).

## Utlysing i 2021

### *Ramma for utlysing i 2021*

Stortinget har løyvd 200 millionar ekstra til BIO i fylka (ref. Kap. 572 i prop. 76 S).

Utdrag fra kap. 572:

*«Situasjonen er fremdeles slik at mange bedrifter har behov for tiltak som kan motvirke permitteringer og oppsigelser, og samtidig bidra med kompetanseheving. Regjeringen foreslår derfor å øke rammetilskuddet til fylkeskommunene med 200 mill. kroner i 2021. Midlene skal bidra til at fylkeskommunene kan tilpasse innsatsen overfor bedrifter som rammes av virusutbruddet.»*

Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å lyse ut ekstraløyvinga så snart fylkesfordelinga er kjent (06.04.21). Dei 5,5 millionane til BIO som ligg i ramma til fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling for 2021, blir lyst ut til hausten. Fylkesdirektøren vil fremme forslag til vilkår og kriterium for denne utlysinga til hovudutval for næring.

Retningslinene og kriteria fra 2020 vil i all hovudsak bli vidareført. Endringar er gjort greie for i avsnitta under.

### *Melde ordninga inn i GBER*

Fram til no har BIO-midlane blitt tildelt som bagatellmessig støtte i tråd med Statsstøtteregelverket. Vestland, og fleire andre fylke, har erfart at bruk av bagatellmessig støtte for BIO-midlane har nokre ulemper. Bagatellmessig støtte fungerer slik at ei bedrift ikkje kan få meir enn 2 millionar kroner i samla støtte over tre år. Bagatellmessig støtte blir nytta til fleire føremål (t.d. Innovasjon Norge), og må trekkast frå fribeløp i berekning av arbeidsgivaravgift. Fordi BIO-midlar er eit krisetilskot i denne samanheng, ynskjer vi at midlane skal kunne delast ut utan at det får konsekvensar for andre økonomiske stønadsordningar. Ei løysing på dette er å melde ordninga inn i GBER (gruppeunntak). GBER er ei liste med godkjente tiltak hos ESA. Tiltak som oppfyller kriteria for GBER er i tråd med EØS-avtalen og må difor ikkje notifiserast på førehand. Dette vil få konsekvensar for kor høg støtteintensitet kan vere. Støtteintensiteten kan maksimalt vere 60 % for store bedrifter (70 % i dag), 70% for mellomstore bedrifter (90 % i dag) og 80 % for små bedrifter (90 % i dag). Dersom endra reglar for GBER (som følgje av pandemien) gir rom for ein høgare støtteintensitet, vil fylkesrådmannen vurdere å auke støtteintensiteten til nivået i retningslinene i 2020.

### *Endre beløpsgrense*

Erfaringane frå 2020 viser at eit tak på 800 000 er for lågt for dei aller største bedriftene. Dei aller største bedriftene får ikkje nyttegjort seg av ein støtteintensitet på dagens 70 %, fordi maksbeløpet er for lågt. Fylkesdirektøren ynskjer å heve maksbeløpet og gå bort frå eit trinnvis maksbeløp-system. I dag er det eit tak på 30 000 kroner per deltakar i opplæringa. Fylkesrådmannen si vurdering er at denne beløpsgrensa samt eit maksimalbeløp på 2 millionar kroner er tilstrekkelig.

### *Fagbrev på jobb*

Kunnskapsdepartementet peiker på at BIO-midlane skal kunne nyttast til tiltak som kan leie til fagbrev. BIO-midlane er til no ikkje blitt nytta til å finansiere fagbrev på jobb. Fagbrev på jobb er ei frivillig ordning som fylkeskommunane kan tilby. Ordninga er etterspurd av arbeidslivet og Vestland fylkeskommune har i noko grad møtt behovet for å ta ordninga i bruk.

Ordninga fagbrev på jobb kan vere eit godt verkemiddel for å forhindre permitteringar og få fleire permittere attende i arbeid. Fylkesrådmannen tilrar at BIO-ordninga blir utvida og legg til rette for at midlane kan nyttast til fagbrev på jobb i bedrifter som er råka av covid-19. Dette har blitt drøfta med LO, NHO og NAV. Dei stiller seg bak forslaget. Det er eit vilkår at ein søknad stettar krava fastsett av utdanningsdirektoratet. Fylkesrådmannen vil utarbeide kriterium for prioritering av slike søknader.

### *Endringane summert*

Dei ekstraordinære BIO-midlane i 2021 skal både nyttast til å støtte fagbrev på jobb, og opplæringstiltak internt i bedriftene.

- Fagbrev på jobb:
  - Midlane skal rettast mot bedrifter som er råka av pandemien og motverke permittering og oppseiling

- Godkjenning av kontraktar om fagbrev på jobb må fylle vilkåra frå utdanningsdirektoratet.
- Fylkesrådmannen vil utarbeide kriterium for prioritering av slike søknader.
- Interne opplæringstiltak:
  - Maksimalt støttebeløp aukar frå 800 000 kroner til 2 mill. kroner. Regelen om maksimalt støttebeløp på 30 000 kroner per deltakar i opplæringa blir videreført.
  - Fylkesrådmannen vil justere poengsystemet slik at tiltak som fører til at bedriftene unngår permitteringar og oppseiingar, eller at permiterte blir tatt tilbake i arbeid, får høgare score.
  - Ordninga blir meldt inn i GBER og vilkår blir tilpassa gjeldande regler.

Andre endringar er i all hovudsak praktiske, og skal gjere vurderingsprosessen meir effektiv. Justeringane er gjort i samråd med LO, NHO og NAV.

#### Finansiering av ordninga 2021

Ekstraløyvinga skal fordelast på to utlysingsrunder.

Avsette midlar til bedriftsintern opplæring i reiselivsbransjen på 300 000 kronar (Hovudutval for næring, PS 10/2021 ) skal innlemmest i desse saman med restmidlar frå 2020.

#### Framdriftsplan

Midlane vil bli lyst ut i to rundar.

- 08.04.21-15.05.21
- 07.06.21-01.08.21

Fylkesrådmannen kan justere tidsplanen dersom det blir naudsynt.

Ordninga blir marknadsført gjennom eigne kanalar, partane i arbeidslivet og andre samarbeidspartnarar som t.d. destinasjonsselskap, næringsråd m.m.

Fylkesrådmannen kjem til å følgje med på tilfanget av søknader og sette inn ekstra marknadsføringstiltak dersom det blir naudsynt.

#### Vedtakskompetanse Fylkesutvalet.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Midlane er overført til fylkeskommunane over ramma.

**Klima:** Tiltaket skal bidra til grøn omstilling.

**Folkehelse:** Tiltaka kan bidra til å hindre utstøyting frå arbeidsmarknaden.

**Utviklingsplan for Vestland:** Er i tråd med målsettingane i regional planstrategi.

#### Konklusjon

BIO-midlane blir lyst ut i samsvar med tidlegare praksis og endringar som er greia ut i saka.  
Fylkesrådmannen kan gjere naudsynte praktiske tilpassingar.